

## **Årsmelding i Radøy damekor**

**13.02.14**

Årsmøte i 2013 vart halden i kyrkjestova på Manger 14. februar kl. 20.00.  
18 medlemmer var til stades.

Dette året har Elin Irene Klausen vore leiar. Styret elles har vore sett saman av;

1. Gry Kjersti Birkeland, sekretær.
2. Hilde L. Helland, kasserar
3. Berit Kongestøl, nestleiar
4. Geirunn Valdernesnes
5. Agnethe Soltveit (1. Vara)
6. Helen Skjerven (2.vara)
7. John William Kay (pianist,)har møterett, men ikkje stemmerett.
8. Jurate Norkuviene (dirigent) har møterett, men ikkje stemmerett.

Styret har hatt 6 møter dette året

## **Aktivitet våren 2013**

Koret har hatt 19 medlemmer denne våren.

### **Nyttårskonsert 13.01.13**

Koret var vertskap på nyttårskonerten i Åsane nye kyrkje. Me kom godt i frå det med rikeleg mat til overs. Ein kunne eta så mykje ein ville for 50,- kr. Kanskje ein skal vurdere å heller ta stk. Pris om ein skal gjer noko liknande ein anna gong. 14 av damene stilte + Jurate og William..

### **Song på tempoklubben 02.02.13**

Dette oppdraget gav oss 2000,- kr i kassa og mykje moro. ( Ps. Damer utkledd som eksosryper med hjelm og det heile) 13 damer + Jurate og William

### **Song på basaren til Scala den 09.03.13**

9 damer + Jurate og William møtte fram i Bedehuset på Frekhaug.

### **Årsmøte i NKH 17.02.13**

Elin og William reiste og representerte koret. Årsmøte vart halden på Scandic hotell, Bergen

### **Vår eigen basar 03.04.13**

Denne våren gjennomfører damekoret sin eigen basar. Inntekta skal gå til å dekke opphaldet til Plunge kammerkor frå Lithauen. Det kom inn kr. 38 638,- kr på basaren. I basar komiteen sat Karen, Heike, Geirunn, Helen og Astrid. Takk for flott innsats alle saman.

### **Hjelmås mannskor arrangerte korcafe 04.04.13 i Ostereide kyrkje.**

13 damer stilte + Jurate og William.

### **Sommarkonsert 23.05.13**

Den årlege sommarkonserten hadde me saman med Hjelmås mannskor for å feira deira 10 års jubileum. Me overrekte ei gåve på 1000,- kr til mannskoret som dei kunne ta med seg på turneen sin til Nederland og inviterte mannskoret på herleg kveldsmåltid i etterkant av konserten. 16 medlemmer + Jurate og William var tilstades. Det kom inn kr. 6366,- i kollekt på konserten.

### **Velferdssenteret m/ påfylgjande avslutning i Radøy matsørvis sine lokale 01.06.13**

I år vart det song på Velferdssenteret med påfylgjande sporlaup og avslutningsfest i matsørvis sine lokaler på Velferdssenteret. 13 medlemmer + Jurate og William. Takk til festkomiteen ved Helen og Geirunn.

### **Aktivitet hausten 2013**

Koret har hatt 17 aktive medlemmer denne hausten..

Haustsemeesteret starta opp med øving 08.08-13.

### **Plunge kammerkor frå Lithauen 12 – 18 august 2013.**

Innlegg i Rardar .....

#### ***Eit inspirerende opphald.***

*Det var trist å ta farvel med Plunge kammerkor som vitja Radøy damekor denne hausten. Dei siste sa takk for seg kl. 04.30 fordi ein visste at når ein går heim, då er det over. Men oppfordringa var klar. "De må koma til Lithauen neste år. Me kan og laga mat og vil svært gjerne visa dykk våre tradisjonar.*

*"Opphaldet har vore som eit eventyr, med nye innslag kvar dag," seier Alf dirigenten til Plunge kammerkor. "Me har reist i mange land, men ikkje noko kan måla seg med det me har opplevd her". "Videre seier han at " Me har lært noko av måten de har tatt imot oss på her på Manger. Ei dugnadsånd, som me vil ta med oss tilbake til Lithauen."*

*Bussen med sangarane kom til folkehøgskulen kl. 22.30. Då hadde damekoret venta med kveldsmaten sia kl. 18.00, men "den som ventar på noko godt ventar ikkje forgjeves". Dei var trøytte og kvalme etter ein lang tur, men godtok at no måtte det etast før ein gjorde noko anna.*

*Koret reiste til Bergen, saman med Jurate dirigenten til damekoret. Dei vitja Grieg museumet og Fløyen. Då dei kom tilbake til folkehøgskulen stilte damekoret med heimelaga kjøttkaker, poteter, surkål, gulrøtter og erterstuing. Dei sette stor pris både på middagen og sitronfromasjen.*

*Konsertane dei held i Manger og Fedje kyrkje var ei oppleving som dei som var der vil hugse ei stund. Koret formidla musikken på ein slik framifrå måte, at det gjorde ingen ting om ein ikkje skjønna eit einaste ord. Dette var inspirerende og lærerikt for damekoret.*

*Nokon av koristane hadde tatt med seg fiskeutstyret sitt og Manger kai vart flittig brukt. Dei nytta og høve til å kaste slukar uti på Fedje og fekk fangst på nærare 15 kilo. Dette resulterte i grilla fisk til kvelds. Laurdag stilte ein to båtar til disposisjon og det var ikkje lett å gje seg sjølv etter 98 makrell samt. noko anna fisk. Elevkjøkkenet på folkehøgskulen var okkupert til fiskeforedling, og fisken vart tatt vare på og gjort klar for frakting tilbake*

*til Lithauen. Heldigvis kunne ein bruke hovudkjøkkenet til å gjere i stand kaffimåltidet. Den heimelaga kaffimaten, som damekoret hadde laga i stand, gjekk unna.*

*Laurdag kveld vart det duka for korgfest i stova på folkehøgskulen. Og er det noko damekoret kan er det korgfest. Då dekker ein opp med dei mest varierande rettar til stor glede og begeistring for alle som er så heldige å få vere tilstades. Mange lovord vart sagt, og mange songar vart sunge. Ingen ville seie "good by", men berre på gjensyn.*

*Takk til Plunge kammerkor for at dei ville vitja oss, takk til folkehøgskulen som gjorde det mogleg å ha koristane buande i bygda, takk til Jurate, William og damekoret for ein flott innsats.*

*Elin Klausen*

*Leiar i Radøy damekor.*

### **Song på gudsteneste 18.08.13**

11 koristar + Jurate og William deltok

### **Song i bryllaup 24.08.13**

12 korister + Jurate og William song under bryllaupsserimonien i Manger kyrkje.

### **Kyrkjebasar i Manger bedehus 05.09.12**

Sesongen starta også dette året med songoppdrag på kyrkjebasaren til Manger kyrkjeforreining. 12 av medlemmene møtte + Jurate og William

### **Deltaking på allehelgensgudstjeneste 03.11.13**

14 korister + Jurate, William og Irmantas

### **Korkafe på Nordbygda samfunnshus 05.11.13**

Spleis arrangerte korkafe i Masfjorden. 12 koristar + Jurate og William deltok

### **Øvingsdag 16.11.13**

Koret gjennomførte øvingsdag i Manger kyrkje for 14 av kormedlemene.

### **Song på julegateopninga 29.11.13**

### **Julekonsert på velferdssenteret 14.12.13 kl.1600**

16 koristar + Jurate og William

### **Julenattiné 14.12.13**

Den tradisjonelle julenattineén vart gjennomført 14. desember. Det møtte opp ca 68 tilhøyrarar, dette gav koret ei innkome på ca. Kr 10.200,- Dette er ein nedgong sida i fjor. Jurate dirigerte, William Kay trakterte flygelet og Irmantas medverka med å akkompagnere koret og med eige solospeling på trompet. 17 medlemmer deltok på Julenattineèn. Maje las ei juleforteljing frå Alf Prøysen om teskjejerringa

### **To julekonsertar 15.12.13**

Manger kl. 15.00. 15 koristar + Jurate og Stephen Gray

Hordabø kl 18.00 13 koristar + Jurate og Stephen Gray

Songarframmøtet har vore i gjennomsnitt 79,7 % på dei ulike arrangementa koret har deltatt på i vårsemesteret, og 69 % i haustsemesteret. Anne Karin Fjeld og Elin Irene Klausen har 100% frammøte på arrangementa koret har deltatt på.

Leiar

Elin Irene Klausen